

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Strandoik

Emne: Ting til lekedom og
vern mot sjukdom.

Bygdelag: Revrestrand

Oppskr. av: Kari Haga

Gard: Haga

(adresse): Baldersheim

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

a. 1. Om folk før i tida brukte ringar eller andre ting til vern mot sjukdom veit ein no lite om. Ein minnest berre ei gammal kona (d. 1924 ved 90 år) som stött gjekk med ein kopar ring på høgre langfingen. Ho fortalde ho fekk den ein gang i ungdomen hos ei taterkjerring fordi ho berga ein ungen hennar som datt på sjøen ved ned stranden. Tatra hadde sagt: „når du går med denne ringen stött so skal du aldri få gikt.“ Kona trudde på dette fullt og fast. Ein høyrde heller aldri ho klaga seg for gikt.

Om der var andre som bar slike eller andre slags ringar mot sjukdom hugsar ein no ikkje til. Heller ikkje at dei hadde armband, kjeder, halsband eller andre smykker eller ting som skulde varna mot sjukdom.

Ein minnest ein gamal mann som stött bar på seg ein nokso stor fint utkrota tobaksdåse av messing. Denne mannen sa: „eg har stött tobaksdåsen i høgre lommen, for da a på dan so fiktio sette“.

Truleg meinte han der var hjelp i dåsen.

2.

E. Øreringer.

14. Ein veit at kring 1840 (og truleg i tid før) var det vis her at menn fekk seg gullringar i åyro. Gammast skaffa dei seg desse når dei var i Bergen og ekslera, eller til dei skulde stå brudgom.

Ringane hadde dei på seg til dei datt or av seg sjölv, difor vart sumne gjerne gangande ei stund med ring i berre eine åyra.

15. a. Ringane var runde og nokso tunne. Sumne var heilt glatte, andre var der små rifler i på tvort eller på skrå.

b. Ein såg ikkje åyreringar av annan metall enn gull.

c. Ringane var feste i eit hol i åyreflippen. Å få hol i åyro og ringane feste i, vart vistnok gjort hos gullsmeden.

Eit sjuentevers lydde so:

“Å so fekk han Edling te gullsmeden her,
å då vart da lenge før han kom ut i fer.

Men då sku du sett 'an - i åyro hadd 'an ring,

å likaso på fing. -

me trur ikkje han detta fekk for ingenting.

16. Ein meiner dei alltid fekk ringar i bæ åyro. Gallefall hadde gamle menn hol i dei bæ.

17. Ein minnst ikkje å ha høyrte at åyreringa skulle hjelpe mot nokon lidelse.

18. Ein såg ikkje at bondekvinner hadde åyreringar før i tida. Berre dei som var frå byen, eller hadde vore lenge i byn hadde slike.

Det som seinare er spurt etter kan ein ikkje hugsa å ha høyrte noko om.

Ein minnust ei kona som var frå byen frå førs av, men
buddu her i bygda etter ho vart gift. Ho bar slike ringar
i äyro: Der var fest ein liten tinn gullring i äyreflippen.
Frå den ringen hang i bittesmå ringar to gulldolla etter
kvarandre, pålag so store som små ertra, den övste var
litt större enn den nedste. Dollane var hilt glatte.
(Denne kona d. 1905 svært gamal)

(Om dette har noko intrassa veit eg ikkje.)

9298